



Til alle NAV kontor i Møre og Romsdal

Invitasjon til opplæring i Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga. Fordjuping i Kvalifiseringsprogrammet

Rundskrivet til lov om sosiale tenester i NAV blei ferdigstilt i juni 2012 og Fylkesmannen har fått i oppdrag å tilby opplæring i lov, forskrift og rundskriv.

Arbeids- og velferdsdirektoratet har saman med representantar for fylkesmennene laga ein opplæringspakke, som er delt inn i to trinn.

Trinn 1- hausten 2012:

Trinn 1 var ei generell innføring i lova, forskriftene og rundskrivet, samt opphaldskommunen sitt ansvar og reglane for sakshandsaming.

Trinn 2 – 2013

Trinn 2 består av tre kurs som fordjupar seg på følgjande område:

- **Kvalifiseringsprogrammet (KVP) med tilhøyrande stønad (§§ 29 – 40) (1 dag)**
 - **Målgruppe for denne dagen er tilsette på NAV-kontoret, som arbeider med lov om sosiale tenester i NAV, særleg KVP- rettleiarar.**
- **Økonomisk stønad (§§ 18 – 26) (2 dagar)**
 - Målgruppa for disse dagane er tilsette på NAV-kontoret som arbeider med lov om sosiale tenester i NAV, særleg rettleiarar som handsamar søknader om økonomisk stønad
 - Opplysning, råd og rettleiing (§ 17), midlertidig bustad (§ 27), og utlendingars rett (§ 2 og forskrift om sosiale tenester for personer utan fast bopel i Norge). Det er usikkert om dette kurset går over 1 eller 2 dagar. Dette blir tilbode tidlegast hausten 2013. Målgruppa for dette kurset er tilsette på NAV-kontoret som arbeider med lov om sosiale tenester i NAV.

Vi startar trinn 2 med opplæring i regelverket rundt KVP, og kan tilby 4 like/alternative kurs:

Onsdag 27. februar i Molde. Quality Hotel Alexandra (bankettsalen).

Fredag 1. mars i Kristiansund. Quality Hotel Grand (Møterom ved sidan av resepsjonen).

Tysdag 5. mars i Ulsteinvik. Quality Hotel Ulstein.

Onsdag 6. mars i Ålesund. Rica Parken Hotel

Vi avgrensar til maksimum 100 deltakarar på kvart kurs. Dersom det blir for mange påmeldte ein kursstad, vil vi ta kontakt med den det gjeld for eventuell bytta av stad.

Tidsramme: Registrering frå klokka 09.00 kurs frå klokka 09.30 – 15.30

Vi ber alle kursdeltakarane repetere Trinn 1 og lese igjennom lovverket på førehand, elektronisk link: <http://www.nav.no/rettskildene/Rundskriv/Hovednr.+35+-+Lov+om+sosiale+tjenester+i+NAV.312829.cms>. Ta gjerne med papirutgåva du fekk utdelt sist.

Finansiering: Gratis for målgruppa. Eventuelt behov for overnatting, må den einskilde dekkje sjølv.

Elektronisk påmelding på: www.fylkesmannen.no Her er direkte link: <http://www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Kurs-og-konferansekalender/>

Felles påmeldingsfrist: 05.02.13

Spørsmål om påmelding kan rettast til e-post: Kjellaug Flusund Finnøy fmmrkjfi@fylkesmannen.no eller Synnøve Ulleland fmmrsyul@fylkesmannen.no

For nærare informasjon om konferansen, ta kontakt med:

Rådgjevar Oddhild Johnsen. E-post fmmrodjo@fylkesmannen.no tlf 71 25 84 53
Rådgjevar Eilin Reinås. E-post fmmreire@fylkesmannen.no tlf 71 25 84 18
Rådgjevar Kjell Iversen. E-post fmmrkjiv@fylkesmannen.no tlf 71 25 85 29

Med helsing

Marit Hovde Syltebø (e.f.)
Fungerande direktør

Oddhild Johnsen
Rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg: Førebels program

Kopi:
NAV Møre og Romsdal
Alle kommunar i Møre og Romsdal

Førebels program KVP

Tid	Innhold
09.00 – 09.30	Registrering og kaffi/te/rundstykke
09.30	Velkommen til opplæring
	<p>TEMA: Kvalifiseringsprogrammet med tilhørende stønad:</p> <p>Etter endt kurs skal du:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ vite hvem som har rett til kvalifiseringsprogram ▪ vite hva et program skal og kan inneholde ▪ vite om tidsrammene for programperiodene og for programmet som helhet, og hvordan varigheten skal settes ▪ kjenne til når et program skal stanses og reglene for fravær og permisjon <ul style="list-style-type: none"> – forholdet mellom stans, fravær og permisjon ▪ kjenne til reglene om kvalifiseringsstønad <ul style="list-style-type: none"> – selve stønaden, barnetillegget, – samordning, utbetaling og trekk
15.30	Slutt